

# nytt

tips: tlf. 57 88 53 10 epost [redaksjon@fjordabladet.no](mailto:redaksjon@fjordabladet.no)

## Skjermer tenester og reduserer eigedomsskatten

KrF, Ap og Tverrpolitisk i Selje fekk før helga fleirtal for forslaget sitt til budsjett for 2018 og investeringsplan for 2018-2021.

Essensen av vedtaket: Selje iinnfører igjen kulturmidlar til lag og organisasjonar i Selje. 100.000 kroner er sett av til dette formålet for 2018. I tillegg fekk fleirtalet reversert kuttet på gatelys i kommunen, og utsett avgjerda om å endre driftskonsesjonen på Flatraket eldretun. Elles vert eigedomsskatten i Selje redusert frå 2019. Den vert 3,5 promille i

2019 og 3 promille i 2020. Dei kommunale tenestene er også skjerma slik at ein unngår ytterlegare kutt.

I investeringsplanen vart det fleirtal for tilskot til nye gjestehamner i Seljevågen og i Korsen. Sentrumsutvikling i Korsen, Selje sentrum og på Flatraket. Auke i vedlikehald av kommunale bygg, og ein skal sjå på rehabilitering av symjebassenget på Selje skule. Det vert opprusting av Vestkappvegen, og kjøp og regulering av næringsareal i Selje kommune.



**FORPROSJEKT:** Dei har fått 200.000 kroner til eit forprosjekt der målet er å få fleire jenter interessert i såkalla teknofag. F.v. Norunn Kjøsnes, rektor ved Eid ungdomsskule, Ove Bjørlo, rektor ved Eid vgs., Hilde G. Corneliussen i Vestlandsforskning, og Gro Iren Nedreberg, rektor ved Stårheim skule. FOTO: INGEBJØRG NILSEN STOKKENES

### ● Nytt samarbeidsprosjekt

# Skal heve jenteinteressa

I dag er det svært få jenter som søker teknofag. Ein ny samarbeidsmodell mellom Eid vidaregåande skule, Stårheim skule, Eid ungdomsskule og Vestlandsforskning skal auke inkluderinga av jenter i IKT og programmering.

No har ein fått klarsignal om 200.000 kroner til eit forprosjekt.

– Vi har fått vite at vi får støtte. Vi er inne med 30.000 kroner i egne midlar og

Vestlandsforskning stiller med 20.000 kroner, fortel Ove Bjørlo, rektor ved Eid vgs. Han håper på vidare finansiering på eit treårsprosjekt.

– Då har vi forstadiekompetansen og kan dokumentere mykje betre, seier han.

#### Ein spydspiss

Prosjektet STILIG vil gjere Sogn og Fjordane til ein spydspiss i arbeidet med å inkludere alle elevgrupper i IKT og programmering i grunnskulen.

IKT-kompetanse er sentralt for unge si framtidige deltaking i samfunnet.

Problemet i dag er at IKT-fag,

særleg dei mest tekniske og programmeringsretta, er sterkt mannsdominerte i Norge – meir enn i land ein kan samanlikne seg med. Målet no er å auke inkludering av jenter i IKT og programmering, fordi ein veit at dette ikkje skjer av seg sjølv.

– Tala har faktisk forverra seg frå 80-talet. Vi klarer ikkje å få med oss jenter, seier Hilde G. Corneliussen i Vestlandsforskning, som har forska på temaet i tjuve år.

– I dag er det få jenter som søker teknofag, og vi må gjere noko for å få opp dette, seier Bjørlo.

– Men i år såg vi at det aldri før har vore så mange ungdomsskulejenter som var med på First Lego League som i år. Det er positivt, påpeikar Ove Lillestøl ved Eid vgs.

#### Rekruttering

Programmering inn i grunnskulen skal hjelpe ytterlegare, og IKT-elevar frå Eid vidaregåande skule skal inn i 5. klasse på Stårheim skule. Håpet er at ein klarer å rekruttere fleire jenter.

– I år ser vi at det er 28 jenter og to gutar som går studiespesialisering på Eid. Vi vil ha fleire jenter inn i teknologifaga, seier

Bjørlo.

– Dette er eit spennande tilbod vi no blir med på, og som vi ikkje kan takke nei til. Det vert motiverande både for elevane og lærarane våre, seier Gro Iren Nedreberg, rektor ved Stårheim skule. Ho påpeikar at verda blir meir og meir digital, og at ein må ruste ungene våre til å møte framtida.

INGEBJØRG NILSEN STOKKENES  
ins@fjordabladet.no